

CV ARNE ANDERDAL

Arne Anderdal (hardingfele) har sin bakgrunn i folkemusikkmiljøet i Hallingdal. Har vore aktiv som spelemann på hardingfele og som folkedansar. Han har jobba mykje ilag med mange av dei beste folkedansarane i landet, og har eit godt rykte som dansespelemann. Rykka opp i klasse på Landskappleiken 2015.

Er busett på Voss og er tilsett høgskulelektor ved Ole Bull Akademiet på Voss og jobbar der med formidling av folkemusikk til studentar som tek musikkutdanning, både som dansar, spelemann på hardingfele og organisering av kursverksemda

I tillegg til arbeidet der aktiv som spelemann på hardingfele og er mykje brukt til musikalske innslag på kurs, konferansar, bryllaup, konsertar og andre anledningar. Har samarbeid med fleire musikarar og dansarar etter behov. Har diverse hardingfelemusikk på repertoaret som vert tilpassa tid og stad.

Har tett samarbeid med songar og gitarist Olav Undeland i duoen [Andeland](#). Har også kontakt med diverse andre musikarar og dansarar. Blant anna i gruppa [Godsruta](#). Er musikalsk leiar i Voss Spelemannslag.

Han gav ut plata "Godsruta" i 2011 som fekk Folkelarmprisen i 2012. På plata er det henta fram musikk som har vore lite nytta i moderne tid.

Byrja med hardingfele i 13 års etter kurs i Hemsedal Spelemannslag der Knut Fausko og Egil Syversbråten var dei viktigaste lærarar. Med den bakrunnen har er folkemusikk frå Hallingdal basisen i repertoaret. Viktige lærarar og inspiratorar i Hallingdal har vore Øyvind Brabant og Jens A. Myro. Etter å ha vore busett på Voss sidan 1993 er og mykje Vestlandsspel med i bagasjen.

Er som spelemann oppteken av at musikken skal ha danseappell. Har samarbeidd mykje med dansarar og der fått innspel til det musikalske uttrykket. Gjennom fleire år nytta som spelemann for dansarar på kapplerikar, både frå Hallingdal og vestlandet.

Tok grunnfag i folkemusikk på Rauland i 1992-1993. Tatt studie i folkedans ved Rff-senteret i Trondheim tilsvarannde eit års studie. Tok bachelor i utøvande folkemusikk ved Ole Bull Akademiet i 2008. Mastergrad i folkekunst ved Høgskulen i Telemark 2014. Har i fleire år arbeidd som lærar på hardingfele i kulturskulen i Ulvik.